



## Statens vegvesen

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
16/170674-5

Dykkar referanse:  
16/2118 - 17/1442

Vår dato:  
13.02.2017

### Uttale – Mindre planendring – Langhøyane bustadfelt – Fv. 410 – Gnr. 45 bnr. 416 mfl. – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 2. februar 2017 med framlegg om endring av rekkjefølgjekrav til reguleringsplan for Langhøyane bustadfelt i Radøy kommune. Vi syner også til møte 19. januar 2017 der endringa vart drøfta.

Radøy kommune har sendt over eit nytt framlegg som utdjuper behovet for trinnvis utbygging og som mellom anna omtaler omsynet til mjuke trafikantar.

For utbygging av «Trinn 1» stiller framlegg til føresegner rekkjefølgjekrav jf. §2.3. til bygging av fortau frå krysset fv.410 og fram til o\_FT09 samt rydding av friskt i krysset mot fylkesvegen i samsvar med reguleringsplan «*Urhaug C*» (1992). Dette er vi nøgd med.

Tidlegare rekkjefølgjekrav §2.3.5 om opparbeiding av offentlege køyrevegar i samsvar med handbok N100 før det vert gjeve igangsetjingsløyve til bustader utgår. Vi meiner at denne er ikkje fullt ut erstatta. Det må vere knytt eit rekkjefølgjekrav til opparbeiding av nytt kryss mellom o\_KV04 til o\_KV01 (fv. 410) i samsvar med våre handbøker og godkjent av Statens vegvesen før det vert gjeve igangsetjingsløyve til bustader. Bakgrunnen for dette er mellom anna at krysset vert tatt i bruk før bustadene, og vi reknar med at personell, lastebilar mm skal inn i feltet før det vert utbygd. Det er mogleg at dette kravet er tatt i vare gjennom § 4.1 *Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur*, men vi meiner det er relevant at det også går tydeleg fram gjennom eit rekkjefølgjekrav.

For rekkjefølgjekrav knytt til andre køyrevegar, fortau med meir kan ein nytte nemninga «Bruksløyve». Vi rår likevel til at ein erstattar nemninga «Bruksløyve» til «mellombels bruksløyve / ferdigattest».

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonsleiar

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*